


FRAFJORDHEIANE LANDSKAPSVERNOMRÅDE

I statsråd 19.12.2003 er Frafjordheiane landskapsvernområde oppretta.

Landskapsvernområdet er på omlag 418,6 km² og omfattar areal i Forsand og Gjesdal kommunar i Rogaland fylke og i Sirdal kommune, Vest Agder fylke. Samstundes er og Migaren og Ørestø naturreservat i Gjesdal kommune oppretta. Opprettning av landskapsvernområdet er ei oppfølging av St.melding nr 62 (1991-92) Ny landsplan for nasjonalparker og andre større verneområder i Norge og som blei handsama av Stortinget våren 1993.



Frafjordheiane mot Månavatn.
Foto: Fylkesmannen i Rogaland

Frafjordheiane er eit høgheilandskap med dramatiske og varierte landskapsformer som blei danna under istida. Det er djupe dalar som stig gradvis mot meir småkupert, typisk høghei i aust. Arbeidet til isbreane og vatnet under istida har ført til at det er avsett store mengder lausmassar i form av terrassar og randmorenar.

Bratte fjellsider med ur og skog gir området kontrastar mot fjorden og jordbrukslandskapet inst i dalane. Det er ein relativt fattig flora når det gjeld artar, men her finner vi og frodige dalar

med mangfaldig vegetasjon, spesielt Røssdalen som har eit stort sær preg.

I naturreservata Migaren og Ørestø er det eit stort mangfold av naturtypar og artar, mellom anna rik edellauvskog (eik, alm, lind) med styvingstre.

Heile området har store kvalitetar i høve til oppleving og friluftsliv, og området blir mykje brukt sommar og vinter. Fire turisthytter med merka stinett ligg innafor vernegrensa.

Verneområdet ligg mot Lysefjorden som er eit av dei mest storslårte og særprega fjordlandskapa i Rogaland. Ein stor turistattraksjon – Kjerag- ligg innafor vernegrensa. Dette er ein populær plass for basehopparar og fjellklatrarar. I verneområdet ligg også ein annan av Rogaland sine mest vitja turistattraksjonar – Månavossen.



Røssdalen.
Foto: Fylkesmannen i Rogaland